

Sak 027/23: Tilbakemelding på framlegget til budsjett for 2024

Innspel frå Eldrerådet:

- Eldrerådet meiner tilbodet innan pleie og omsorg må halda det nivået det har i dag, og ikkje bør reduserast.
- Eldrerådet peikar på at det er viktig å både jobba med rekruttering, og halda på dei tilsette som ein har i dag.
- Eldrerådet takkar for løyvinga på 50.000 kroner, som er viktig for at rådet skal kunna arrangera Eldredagen med meir.
- Eldrerådet peikar på at kommunen er økonomisk tent med at folk bur heime så lenge som mogleg. Kanskje bør ein del leggja bustaden betre til rette for å bu heime, men kommunen kan komma inn her med informasjon om korleis ein kan bygga om og liknande. Dette bør gå ut til alle innbyggjarar rundt 70 år, som er på veg inn i målgruppa. Det kan vera brosjyre eller liknande, og i tillegg til nettside.
- Informasjonen må også inkludera kva som finnest av ulike hjelpemiddel, som trappeheisar med meir.